

# VEITASTROND SKULE

## SATSINGSOMRÅDE 2014-2015

- **Tilpassa opplæring**  
Gjere undervisninga så tilpassa som mogleg for den einskilde sitt nivå. Gi utfordringar tilpassa den einskilde innanfor kompetansemåla.
- **IKT og digitale verktøy i alle fag.**  
Bruk av digitale verktøy er ein grunnleggande ferdigheit, og den skal nyttast i alle fag.
- **Samarbeid barnehage – skule**  
Me har mykje samarbeid og aktivitetar saman med barnehagen. Desse skal me ta vare på, og vidareutvikle.
- **Uteområde**  
Me er mykje ute, og me ynskjer å oppgradere uteområdet vårt.
- **Lesing. Lesing i alle fag. Implentere den kommunale leseplanen i leseopplæringa og leseutviklinga til elevane.**

### OVERSIKT OVER NOKRE AKTIVITETAR GJENNOM SKULEÅRET

Turar til ulike mål i bygda, heil dag el. del av dag.
Besøk av helsesøster og fysioterapeut. Tilgjengelege for foreldre.
Ulike temadagar. Ski- og akedagar. Idrettsdag haust og vår.
Skulemåltid ein gong pr. mnd., samarbeid med barnehagen.
Leselystaksjonen.
Kulturelle førestillingar på Hafslo (Kulturelle skulesekken).
Symjeundervisning i Lustrabadet (4 gonger pr.halvår), saman med Hafslo.
Elevane deltek på turar og aktivitetar saman med klassen sin på
Tradisjonelle juleaktivitetar som nissegraut, juleverkstad, julefest, samarbeid med barnehagen.
Bibliotek / litteraturveke, samarbeid med biblioteket.
Sosiale kveldar / «elevkveldar» saman med foreldra.
Kafe.

